

# Yting av flyttegodtgjersle

## Føremål

Reglementet gjeld ved flytting i Noreg for å tiltre stilling i Vestland fylkeskommunen. Reglementet gjeld også når flytting er nødvendig i samband med overgang til anna stilling i fylkeskommunen eller dersom tenestestaden vert endra.

## Verkeområde og omfang

Flyttegodtgjersle kan ytast i desse tilfella:

- a) når eininga har særlege vanskar med å rekruttere til ei stilling
- b) når dekning av flytteutgifter er nødvendig for å rekruttere den best kvalifiserte søkjaren
- c) dersom flytting er nødvendig i samband med overgang til anna stilling i fylkeskommunen
- d) for å skaffe kvalifisert vikar til stilling av minst 12 månaders varigheit
- e) ved annan pålagt flytting på grunn av endra tenestestad.

## Mynde og kostnad

Mynde til å fatta avgjersle på kven som skal ha flyttegodtgjersle følgjer av fullmakta til å rekruttere, jf. delegeringsmatrisa. Kostnadar til flyttegodtgjersle vert dekt av avdelinga sitt eige budsjett.

## Generelt om flytting

Flyttinga skal gjennomførast på den rimelegaste måten for fylkeskommunen, ein skal ta omsyn til alle utgifter og andre forhold som kan påverke avvikling av tenesta.

Flyttevolumet skal vere innanfor eit normalvolum på 50 kubikkmeter. I volumet reknar ein det som normalt inngår i eit innbu. Flytting av spesielle gjenstandar som bil, båt o.a. er arbeidstakar sitt eige ansvar og vert ikkje dekt av fylkeskommunen.

## Krav om tilbod

Det skal hentast inn tilbod frå minimum tre registrerte flyttebyrå i Brønnøysundregisteret. Billegaste tilbod skal nyttast. Utgifter knytt til på- og avlasting og omlasting frå flyttebil eller anna framkomstmiddel, og eventuell midlertidig mellomlagring skal vere inkludert i tilbodet.

## Krav om tenestetid

For å få dekkja flyttekostnadar etter bokstav c må ein ha fire års forutgåande teneste i fylkeskommunen, utan tidlegare dekning av flytteutgifter. I dei tilfella arbeidstakaren allereie har fått dekkja flyttekostnadar, kan arbeidsgjever likevel vurdere nødvendigheita av ny utgiftsdekning. Vilkåret om forutgåande tenestetid gjeld ikkje i samband med flytting som følgjer av pålagt/avtalt endra tenestestad eller flytting som skuldast geografisk flytting av heile eller deler av verksemda.

## Avtale om bindingstid/refusjon

Bindingstid - flyttekostnader

- a) Dersom dekning av utgifter til flytting er høgare enn to månads løner skal det som hovudregel teiknast avtale om bindingstid mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar. Bindingstida skal normalt vere 1 år.
- b) Dersom arbeidstakar seier opp stillinga si før bindingstida er omme skal det avtalast

forholdsmessig tilbakebetaling av refunderte flytteutgifter. Det skal samtidig teiknast avtale om trekk i lønn for det beløp som skal betalast tilbake. Normalt skal arbeidsgjevar krevje forholdsmessig refusjon av samla flyttegodtgjersle med 1/12 pr. månad rekna frå arbeidsforholdet tok til.

Dersom arbeidstakar vert sagt opp frå stillinga si skal ein normalt ikkje krevje tilbakebetalt gitt godtgjersle.

## Iverksetjing og implementering

Leiar med delegert mynde har ansvar for at reglementet er kjent blant sine medarbeidarar og at dei vert etterlevd. Reglementet skal gjennomgåast og reviderast innan 1. januar 2025.

## Endring og tolking

Endring i reglementet skal leggjast fram for politisk behandling med unntak av endring som følgje av lov- og avtaleverk. Dersom det ikkje er semje om tolking av reglementet ligg avgjerla hos fylkeskommunedirektøren.